



RUTINER FOR KONTRAKT OG FAKTURERING

for praksissamarbeid med Griegakademiet – Institutt for musikk: musikkterapi

Kontrakt

Kontrakt om praksissamarbeid vert inngått mellom praksisinstitusjonen og Griegakademiet – Institutt for musikk. For offentlege institusjonar som Bergen kommune og Helse-Bergen er avtalen inngått på overordna nivå.

Kontrakten er gjeldande fram til han vert revidert eller sagt opp av ein av partane.

Kontrakten bind ikkje den einskilde musikkterapeut / adm. eining til å ta imot studentar kvart semester. Administrativ koordinator hos Griegakademiet – Institutt for musikk kartlegg tilgjengelegheit i forkant av kvar praksisperiode og inngår avtale med praksislærer om å ta imot student(ar).

Økonomisk kompensasjon


Økonomisk kompensasjon for praksisarbeidet vert ikkje utbetalt som løn til praksislærer. Praksisinstitusjonen / den administrative eininga, fakturerer Universitetet i Bergen for arbeidet etter satsane avtalt i kontrakten. Dette vert gjort på bakgrunn av ein innkjøpsordre som UiB sentralt sender til praksisinstitusjonen.

Faktura vert sendt til UiB sentralt og vert handsama av økonomiavdelinga der.

Innkjøpsordre

For at me skal kunne sende innkjøpsordren treng me ein administrativ kontaktperson med høve til å senda ut faktura. Dette er som oftast praksislærer sin næraste einingsleiar.

TIDSLINJE:



Kontaktperson for Griegakademiet:

Fredrik Due-Olsnes – fredrik.due-olsnes@uib.no / 55 58 73 52
studiekonsulent og administrativ koordinator for praksis, musikkterapi